Nordfjord vassområde

Årsmelding 2018

Postadr.:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sandane senter
Krånavegen 5, 3. etg
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfj.no

Nordfjord vassområde

Innhald

1. Forord 3
2. Om Nordfjord vassområde 3
3. Organisasjonen 4
   Vassområdeutvalet 2018 5
   Prosjektgruppa 2018 5
4. Aktivitet i 2018 6
   4.1. Tiltaksgjennomføring 6
   4.2. Overvaking 6
   4.3. Synfaring / bekkevandring 7
   4.4. Avløpsprosjekt 7
   4.5. Revidering av Regional plan for vassforvaltning 7
   4.6. Møteverksemd 8
5. Rekneskap 2018 9

Postadr.: Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2 6863 Leikanger
Besøksadresse: Sandane senter Krånavegen 5, 3. etg 6823 Sandane
Telefon: 90 40 26 61
E post: staffan.hjohlman@sfj.no

Nordfjord vassområde

1. Forord

Nordfjord vassområdeutval er eit samarbeidsorgan for kommunar, statlege styresmakter og fylkeskommunen, for å ivareta oppgåver etter vassforskrifta i vassområdet. Formålet med vassforskrifta er å «…sikre helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene» (vassforskrifta § 1).

I planperioden 2016 – 2021 skal vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram gjennomførast og ein revidert plan for neste planperiode skal utarbeidast. Vassdraga og fjordane i vassområdet skal forvaltast på ein slik måte at miljømåla for kvart vassdrag og kvar kyst- eller grunnvassførekomst blir nådd. Vassområdet skal bidra til kartlegging av tilstand og påverknadar i vassførekomstane i vassområdet, og styresmaktene i vassområdet skal samarbeide om å velje naudsynte tiltak slik at miljømåla blir nådd.

2. Om Nordfjord vassområde

Nordfjord vassområde omfattar nedbørsfelta til Nordfjorden, Sildegapet og Frøysjøen, og når 1 nautisk mil utanfor grunnlinjen. Dette inkluderer heile eller største delen av kommunane Selje (utanom nordsida av Stadlandet), Vågsøy, Bremanger, Eid, Hornindal, Stryn og Gloppen. Vassområdet omfattar også den delen av Jølster kommune som ligg nordaust for Skei, samt mindre deler av kringliggande kommunar.



Postadr.:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sandane senter
Krånavegen 5, 3. etg
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfj.no

3. Organisasjonen

Nordfjord vassområdeutval fungerer som styringsgruppe for arbeidet, med ein politisk vald og ein administrativ representant frå kvar kommune, i tillegg til representantar frå fylkeskommunen, Fylkesmannen, NVE, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Statens vegvesen og Kystverket. Prosjektplanen for 2016 – 2021 omtalar bakgrunn, mål, organisering, oppgåver, framdrift og økonomi for vassområdeutvalet.

Nordfjord vassområdeutval, Nordfjordeid, 7.12.2018.

Kommunane har ei særrolle i vassområdeutvalet, m.a. i kraft av å vere areal- og planstyresmakt og ved å ha sektormynde på område som landbruk, miljø, vatn og avløp, ureining etc. Vidare har kommunane eigne verkemidlar og/eller har delegert mynde frå staten. Kommunane som har ein stor del av arealet sitt innanfor Nordfjord vassområde har slutta seg til prosjektplanen ved politiske vedtak. Dette er kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Hornindal, Stryn, Gloppen og Jølster.

Prosjektgruppa er sekretariat og koordinator i arbeidet med å skaffe faglege opplysningar og informasjon til arbeidet. Prosjektgruppa er samansett av representantar frå administrasjonen i kommunane i vassområdet og vassområdekoordinator.

Det er oppretta ei referansegruppe for Nordfjord vassområde med medlemar frå lag, organisasjonar og verksemder. Referansegruppa skal vere talerøyr for ulike i nteresser, som for eksempel friluftsliv, reiseliv, energiproduksjon, landbruk, fiske, naturvern med meir. Medlemane får informasjon og invitasjon til møte, synfaringar med meir.

Vassområdekoordinator (prosjektleiar) er kontaktperson og sekretær for vassområdet, og utførar det daglege arbeidet. Vassområdekoordinator er tilsett hos Sogn og Fjordane fylkeskommune i 100 % stilling (50 % på Nordfjord vassområde og 50 % på Sunnfjord vassområde) og har kontorstad på Sandane i Gloppen kommune.

Postadr.: Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2 6863 Leikanger
Besøksadresse: Sandane senter Krånavegen 5, 3. etg 6823 Sandane
Telefon: 90 40 26 61
E post: staffan.hjohlman@sfj.no

Nordfjord vassområde

Drifta av vassområdet er finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane (50 %), fylkeskommunen og Fylkesmannen (50 % til saman), som skildra i prosjektplanen. I tillegg til dei ordinære driftsmidlane har Nordfjord vassområde fått tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til kunnskapsinnhenting (sjå rekneskap).

Vassområdeutvalet 2018

Medlem	**Politisk representant**	**Administrativ representant**
Jølster kommune	Jacob Andre Sandal, **leiar** Vara: Kjell Navelsaker	Solfrid Trå
Bremanger kommune	Åse Leirgulen, **nestleiar**	Bjørn H Marthinussen
Gloppen kommune	Arnar Kvernevik Vara: Audun Mundal	Per Ove Fossheim
Stryn kommune	Frode Briksdal Vara: Jakob Hammer	Odd Rønningen
Eid kommune	Lars Helge L. Hopland Vara: Jostein Huneide	Stanislawa Voldsund
Selje kommune	Veronica Hatlenes Vara: Andreas Rundereim	Kristian Nave
Vågsøy kommune	Monica Kråkenes Vara: Edvard Iversen	Odd-Robert Solvåg
Hornindal kommune	Ola Inge Seljeset Vara: Lars Andreas Tomasgard	Ståle Hatlelid
Sogn og Fjordane fylkeskommune		Merete Farstad
Fiskeridirektoratet region Vest		Hanne Marie Utvær
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		John Anton Gladsø
NVE Region Vest		Stein W. Johansen
Kystverket vest		Lene Røkke Mathisen
Mattilsynet Sør og Vest, avd Nordfjord		Are Natland Bøe
Statens vegvesen Region Vest		Janne Grønli Stedf: Eli Mundhjeld

Prosjektgruppa 2018

Solfrid Trå	Jølster kommune
Per Ove Fossheim	Gloppen kommune
Bjørn H Marthinussen	Bremanger kommune
Odd Rønningen	Stryn kommune
Stanislawa Voldsund	Eid kommune
Kristian Nave	Selje kommune
Odd-Robert Solvåg	Vågsøy kommune
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune
Staffan Hjohlman	vassområdekoordinator

Postadr.:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sandane senter
Krånavegen 5, 3. etg
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfj.no

4. Aktivitet i 2018

4.1. Tiltaksgjennomføring

Regionalt tiltaksprogram viser kva som må gjerast for å sikre tilstrekkeleg høg økologisk og kjemisk tilstand i vassdrag, sjø og grunnvatn. Dei delar av tiltaksprogrammet som kommunane har ansvar for gjeld i hovudsak ureining av elvar og innsjøar frå landbruk og avløp, samt påverknad frå fysiske inngrep i form av forbygging og elveutretting/kanalisering. For mange av desse vassførekomstane er kunnskapsgrunnlaget for mangelfullt til å velje effektive tiltak. I desse tilfella er det problemkartlegging som er tiltaket. Dette er i Nordfjord vassområde løyst ved overvaking og synfaring / bekkevandring, i tillegg til eit prosjekt som vart gjennomført i 2014: *Problemkartlegging og tiltaksanalyse av utvalde vassførekomstar i Nordfjord vassområde* (Yri 2015).

Sektorstyresmaktar, kommunar og fylkeskommunar har ansvar for å sette i gang, og rapportere om status for gjennomføring av tiltak, for sine ansvarsområde. Fristen for dette var oktober 2018. For kommunane i spleiselaget blei dette gjort av vassområdekoordinator. Rapportert status for kvart tiltak (ferdig, starta, planlagt, utsatt eller avvist) med grunngjeving er lagt inn i vann-nett.

4.2. Overvaking

Overvakinga hadde hovudformål å vurdere grad av ureining frå avløpsanlegg og landbruket, og å fastsette økologisk tilstand. Overvakinga omfatta i 2018:

- Vassprøver vart tatt på 56 prøvestadar i elvar og innsjøar for analyse av mellom anna næringsstoff, organisk stoff og bakteriar. Vassområdekoordinator organiserte prøvetakinga, medan tilsette i kommunane tok prøvene i felt. Prøvene vart tatt mellom 1 og 8 gonger på kvar stad. Totalt vart ca 200 prøver sendt til analyse ved Vestfold LAB AS, som Sogn og Fjordane fylkeskommune har rammeavtale med. Resultata er registrert i Miljødirektoratets database vannmiljø (http://vannmiljo.miljodirektoratet.no), og er ein del av datagrunnlaget for fastsetting av økologisk tilstand.

- Seks innsjøar i Hornindal, Gloppen og Jølster kommunar vart undersøkte for planteplankton og vasskjemi ved seks tidspunkt i 2018. Dette arbeidet var sett bort til Faun naturforvaltning AS etter open anbodskonkurranse. Prosjektet blei gjort i samarbeid med vassområda Indre Sogn, Ytre Sogn og Sunnfjord.

Postadr.: Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2 6863 Leikanger
Besøksadresse: Sandane senter Krånavegen 5, 3. etg 6823 Sandane
Telefon: 90 40 26 61
E post: staffan.hjohlman@sfj.no

- Oppstart av hydromorfologiske undersøkingar i elver i kommunane Eid (1 elv), Selje (1 elv), Stryn (2 elvar) og Gloppen (4 elvar). Vassområdekoordinator hadde hovudansvar for prosjektet, inkludert anbodsarbeid, som vart utført i samarbeid med vassområda Indre Sogn, Ytre Sogn og Sunnfjord. Målet er å vurdere miljøpåverknaden av forbyggingar og utrettingar i dei utvalde elvene. Undersøkingane er særleg retta mot korleis laks og aure blir påverka av desse inngrepa, og kva grep som kan gjerast for å styrke fiskebestandane i elvene. Det er biologar frå NORCE som er leigd inn til å gjere undersøkingane. I felt gjennomfører biologane m.a. elfiske, gytefisktelling og habitatkartlegging. Sistnemnde går ut på å registrere botnsubstrat, skjulforhold, gyteområde, elvemorfologi, vandringshindre, kantvegetasjon m.m.

- Oppstart av prosjekt om vandringshinder ved kommunale vegar. Føremålet med prosjektet er å kartlegge kommunale vegkryssingar av vassførekomstar, vurdere betydninga av vegkryssingane som vandringshinder, og foreslå tiltak.

4.3. Synfaring / bekkevandring

Vassområdekoordinator deltok på bekkevandring som Jølster kommune arrangerte i ei sidebekk til Stardalselva 4. juli 2018. Grunneigarar deltok. Det vart tatt vassprøver og målt leiingsevne for å prøve å spore kjelder til ureining. Jølster kommune følgjer opp dette vidare.

4.4. Avløpsprosjekt

Grad av påverknad frå avløp på vassførekomstar er ukjent i store delar av Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har med bakgrunn i det, gjennomført eit forprosjekt på påverknad frå avløp på vassførekomstar. Prosjektet har digitalisert prioriterte område der det ligg avløpsanlegg med høgt potensial til å påverke vassførekomstar. Vassområdekoordinator har bidrege i prosjektet. Avløpsprosjektet blir vidareført og bygd vidare på i 2019. Fylkesmannen står som prosjekteigar.

4.5. Revidering av Regional plan for vassforvaltning

I samband med revideringa av vassforvaltningsplanen har vassområdekoordinator utarbeida dokumentet *Hovudutfordringar i Nordfjord vassområde*. Dokumentet inneheld ei oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak og er eit viktig dokument i prosessen fram mot oppdatert vassforvaltingsplan og tiltaksprogram.

Postadr.: Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2 6863 Leikanger
Besøksadresse: Sandane senter Krånavegen 5, 3. etg 6823 Sandane
Telefon: 90 40 26 61
E post: staffan.hjohlman@sfj.no

Dokumentet *Hovudutfordringar i Nordfjord vassområde* var saman med det regionale hovudutfordringsdokumentet og Planprogrammet tema på møtet i Nordfjord vassområdeutval 7. desember. Dokumenta skal på høyring 1. april – 30. juni 2019.

Vassområdekoordinator har bidrege i oppdateringa av kunnskapsgrunnlaget i databasane Vannmiljø og Vann-Nett.

4.6. Møteverksemd

I 2018 arrangerte vassområdet møte som vist nedanfor. Referat frå møta finn ein på vannportalen.no/nordfjord , under menypunktet «Møte i Nordfjord vassområde».

Vassområdeutvalet	10. april, 7. desember
Prosjektgruppa	15. februar, 28. november
Temamøte om avløp	28. november
Stryn kommune	6. mars

Vassområdekoordinator har i tillegg deltatt på fleire møte for å drøfte organisering, prosess, arbeidsmåte og konkrete problemstillingar. Sjå liste nedanfor.

Statlege etatar i Sogn og Fjordane vassregion	rullering av vassforvaltningsplan, status tiltak	1 møte
NVE og Miljødirektoratet	sterkt modifiserte vassførekomstar	1 møte
Fylkesmannen	avløpsprosjekt, landbruksprosjekt, Vann-Nett	9 møte
Miljødirektoratet	Virkemiddel for tiltak i vann-nett	1 møte
Politisk leiing av vassregionutvalet	status, framdriftplan	1 møte
Leiarane av vassområdeutvala, vassregionutvalet og FK	rullering av vassforvaltningsplan	1 møte
Konsulentar	oppstartsmøte, møte i felt, statusmøte	4 møte
Oppdrettarar, forskarar og Fylkesmannen	KLAFF – prosjekt om kartlegging av smoltvandring i Nordfjorden	1 møte
Sogn og Fjordane Energi AS	Opplæring i vannmiljø	1 møte

Vassområdekoordinator har deltatt på følgjande samlingar og kurs:

Samling om vassforskrifta for fylkesmannembeta og vassregion- og vassområdekoordinatorar i Sogn og Fjordane og Hordaland, Vatnahalsen	25.-26. september
Kurs hos Miljødirektoratet i Oslo om ny utgåve av vann-nett	1. februar

Postadr.: Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2 6863 Leikanger
Besøksadresse: Sandane senter Krånavegen 5, 3. etg 6823 Sandane
Telefon: 90 40 26 61
E post: staffan.hjohlman@sfj.no

Nordfjord vassområde

5. Rekneskap 2018

Rekneskapen viser at utgiftene ligg innanfor budsjettet som vart vedtatt av vassområdutvalet 10. april 2018 (sak 4-2018). Konsulenttenester forbygde/kanalisert elvar vart starta opp i 2018, og deler av prosjektet vart fakturert same år, medan resten blir rekneskapsført på 2019. Konsulenttenester vandringshinder kommunale veger hadde ikkje utgifter i 2018. Trua arter er restmidlar frå eit tilskot frå Fylkesmannen 2016 til arbeid med elvemusling.

På inntektssida innvilga fylkeskommunen 9 250 kr ekstra i samband med lønsjustering, og Fylkesmannen gav 108 000 kr meir enn budsjettert i tilskot til overvaking.

Det var budsjettert med eit underskot på 819 468 kr. Lågare utgifter og høgre inntekter enn budsjettert resulterte i at underskotet vart berre 27 594 kr, som vart dekka med fondsmidlar.

	2018 Rekneskap	2018 Budsjett
UTGIFTER		
Prosjektleiing	396 592	400 000
Møter, reiser, kurs	38 340	70 000
Vasskjemi, biologiske prøver	415 028	500 000
Konsulenttenester forbygde/kanaliserte elvar	245 744	500 000
Konsulenttenester vandringshinder kommunale veger		300 000
Trua arter	43 141	43 468
Sum utgifter	1 138 845	1 813 468
INNTEKTER		
Frå kommunar	- 385 001	- 385 000
Frå fylkeskommunen	- 394 250	- 385 000
Frå stat til overvaking	- 332 000	- 224 000
Sum inntekter	- 1 111 251	- 994 000
Avsetning(-)/bruk(+) fond	27 594	819 468
Saldo pr 01.01.	- 1 586 003	- 1 586 003
Saldo pr 31.12.	- 1 558 409	- 766 535

Litteraturhenvisning

Yri, A.W. 2015. Problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar i Vassområde Nordfjord . Hovudrapport 53 sider, og 23 delrapportar. http://www.vannportalen.no/vannregioner/sogn--og-fjordane/vassomrade/nordfjord/nyhende-nordfjord/2015/mote-i-nordfjord-vassomradeutval-22.011.2015/

Postadr.: Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2 6863 Leikanger
Besøksadresse: Sandane senter Krånavegen 5, 3. etg 6823 Sandane
Telefon: 90 40 26 61
E post: staffan.hjohlman@sfj.no